

# Velkomen til fagdag landbruk om beite, dyrevelferd og direktesal

Torsdag 26.sept frå kl 9:30-15:10 i auditoriet på Øksnevad vgs på Klepp

## Program

**9:30 Kaffi, kringler og drøs**

**9:50 Landbruk og karbonfangst – og eit betre liv? Ved Gudbrand Johannes Qvale**

Landbruket er ein viktig del av karbonkretsløpet. Kor mykje karbon vi klarer å binde i jorda er avhengig korleis vi driv produksjonen. På Horgen Gard har dei praktisert målretta beiting - «holistic planned grazing» - i 10 år, med sin besetning av 50 mordyr Aberdeen Angus Dyra er 100% grasfora og ute heile året. Alt kjøtt bli selt direkte til forbrukarar, butikk eller restaurant.

Gudbrand fortel oss om vegen til eit regenerativt landbruk, gjer oss eit innblikk i korleis ein styrer holistisk beitemanagement og fortel om praktisk gjennomføring av drifta.

**11:50 Pause med enkel lunsj**

**12:30 God dyrevelferd i eigen besetning ved Siv Meling**

Siv Meling er veterinær og driv gard på Austre Åmøy med norsk kvit sau og Skotsk Høglandsfé.

**13:50 Bier og blomar. Erfaringar i år med etablering av ulike pollinatorartar**

Ane Harestad frå Norsk Landbruksrådgiving Rogaland fortel om erfaringar gjort i år.

**14:05 Vi fyller kaffikoppar**

**14:15 Er direktesal eit levebrød?**

Kontakt med forbrukarar byggjer tillit og sal utan mellomledd betyr større inntening. Kan det vere eit alternativ til omsetnad gjennom kjedene? Korleis virkar det?

- Marianne Haga, mjølkeprodusent frå Sandnes og ein av initiativtakarar for Reko-ring Sandnes/ Stavanger, fortel om erfaringane med Reko
- Gardsutsal nn.

**15:10 Vel heim!**

Med atterhald om endringar i programmet.

**Grunna matsservering ber vi om påmelding til [fmroapf@fylkesmannen.no](mailto:fmroapf@fylkesmannen.no) innan 24.sept. Deltakinga er gratis!**

Arrangementet er eit samarbeid mellom Økologisk Rogaland, Rogaland Bonde- og Småbrukarlag, Rogaland Bondelag og Norsk Landbruksrådgiving Rogaland med støtte frå Fylkesmannen.



Foto: f.v. Siv Meling, Reko-ringen Sandnes- Stavanger, Jenni Brynjulvsdatter Qvale, Ane Harestad, Marit Bjørnstad